NYE ØYGARDEN KOMMUNE

# Møtereferat

| Møte nr. 5 i: **Utval for eigarskapsmodellar** | Dato: 25.01.2018 | Tid: Kl. 09.00 – 12.00 |
|---|---|---|
| **Møteleiar:** Atle Dåvøy | **Stad:** Nye Øygarden kommune, Skjenet 2 | |
| **Medlemer som møtte:**<br>1. Atle Dåvøy<br>2. Kari-Anne Landro<br>3. Daniel-Victor Sandvik<br>4. Egil Haaland<br><br>Fredrik Alexander Knudsen Indrevik møtte som vararepresentant for Helena Morland Hansen. Han vart permitert frå møtet kl. 10.35 etter eige ønskje. | **Forfall:** Helena Morland Hansen | |
| **Andre:** | | |
| **Referent:**<br>Jarle Kåre Oen, prosjektmedarbeidar Nye Øygarden kommune | | |

| Saksnr | Sakstittel |
|---|---|
| **5/18** | **Godkjenning av innkalling, saksliste m.m**<br><br>**Vedtak:**<br>Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader. |
| **6/18** | **Referat- og orienteringssaker**<br><br>**Vedtak:**<br>Referatet frå møtet den 04. januar 2018 vart samrøystes vedteke. |
| **7/18** | **Tilbakemelding frå presentasjon av status i fellesnemnda 22. januar- leiar orienterer**<br><br>Atle Dåvøy la fram ein presentasjon med status for arbeidet i Fellesnemnda 22. januar 2018. Presentasjonen er vedlagt referatet.<br><br>Frå protokollen til fellesnemnda står følgjande:<br>*Leiar av utval for eigarskapsmodellar, Atle Dåvøy, var til stades i møtet og presenterte status for arbeidet i utvalet. Dåvøy viste til at utvalet ser på organiseringa av områder som vatn-, avløp og renovasjon (VAR), og eigedom- og bustadforvaltning. Utvalet ynskjer å tilrå organisering av nytt Øyvar AS inkludert kommunal vegutbygging, og etablering av Øygarden eigedomsforvaltning AS. Utvalet vil kome med ein samla rapport til* |

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

| | |
|---|---|
| | *fellesnemnda sitt aprilmøte, der ulike moment knytt til renovasjon, vegutbygging, eigedomsforvaltning og næringsforvaltning vil diskuterast nærare som grunnlag for val av modellar.*<br><br>*Dåvøy bad også fellesnemnda om konkret tilbakemelding rundt utvalet sitt vidare arbeid med selskap og stiftingar.*<br><br>*Marianne Sandahl Bjorøy kom med følgjande framlegg om ny merknad til innstillinga punkt 2):*<br>*2. Fellesnemnda har utover dette desse merknadane til saka:*<br>*- Utval for eigarskap må gå i dialog med dagleg leiar/tilsette i selskapa i kommunane med tanke på tidleg informasjon om utvalet sitt arbeid.*<br><br>*Leiar Kari-Anne Landro og Marianne Sandahl Bjorøy kom med følgjande fellesframlegg om ny merknad til innstillinga punkt 2):*<br>*2. Fellesnemnda har utover dette desse merknadane til saka:*<br>*- Fellesnemnda ber utvalet sjå nærare på oppløysing av stiftingar sett i lys av kommunesamanslåinga. Utval for eigarskap må opprette dialog med Fjell bustadstifting med sikte på oppløysing av stiftinga.*<br><br>*Innstillinga, saman med desse to nye merknadane til punkt 2, vart samrøystes vedtekne.*<br><br>Handsaming i møte<br>Eigedomsutvalet diskuterte ulike framgangsmåtar for på best mogleg måte innfri intensjonane i fellesnemnda sine merknader. Det vert lagt opp til møte og dialog med alle berørte selskap.<br><br>**Vedtak:**<br>1. Eigedomsutvalet tek fellesnemnda sitt vedtak i møte 22. januar 2018 til orientering.<br>2. Eigedomsutvalet vil så snart det let seg gjera kalla inn representantar for alle berørte selskap (AS), Sund Eigedomsutvikling (KF), Fjell Bustadstifting og evnt. andre kommunale einingar som er direkte berørte.<br>3. Det vert lagt opp til eit felles orienteringsmøte der dagleg leiar og styreleiar i kvart einskild selskap/stifting/ eining vert invitert. Dei tillitsvalde sine representantar for alle verksemdene vert også invitert.<br>4. Intensjonen med møtet er å orientera om eigedomsutvalet sitt mandat og framdrift for dei ulike eigarskapsmodellane. |
| **8/18** | **Rapportutkast versjon datert 18.01.2018- drøfting**<br><br>Handsaming i møtet:<br>Kari-Anne Landro viste til rapportar frå Nye Asker kommune vedk. ulike framlegg og vurderingar av eigarskapsmodellar. Kan vera relevante og interessante for utvalet sitt vidare arbeid. Rapportane vert oversendt utvalsmedlemmane. |

| | |
|---|---|
| | Det vart vist til at FjellVAR har ein eigen plan for si verksemd som kan vera relevant for utvalet sine vidare vurderingar. Planen vert innhenta.<br><br>På sikt kan det arbeidast med ei vidare konsolidering av dei tre musea i dei tre kommunane (Kystmuseet i Øygarden, Fjell Festning og Nordsjøfartsmuseet).<br><br>**Vedtak:**<br>Rapportversjonen datert 18.01.2018 vart gjennomgått og korrigert ved at raud skrift (endringsforslag frå førre versjon) vart endra til svart når utvalet vedtok endringa. Der det framleis står raud skrift, har ikkje utvalet konkludert. I tillegg er det merknader om at det skal skrivast tilleggstekstar eller gjerast undersøkingar. Alle endringar og status etter møtet er nedfelt i rapportversjon datert 25.01.2018 (ikkje offentleg) som følgjer referatet. |
| **9/18** | **SWOT-analysar**<br><br>Til dette møtet låg det føre to nye framlegg. Administrasjonen hadde utarbeida eit samleskjema der både tidlegare og nye framlegg er teke med. Samleskjema følgjer referatet.<br><br>Utvalet ber administrasjonen sjekka om kommunale AS kan vera ekskludert frå enkelte tilskotsordningar. Vesentleg for den endelege vurderinga AS versus KF dersom så er.<br><br>I det vidare arbeidet kan ein tenleg framgangsmåte vera å laga tabellar der ein vektar dei ulike modellane med utgangspunkt i mandatet utvalet har fått frå fellesnemnda. Det vert teke utgangspunkt i Asker kommune sine rapportar om tema, jamfør utsending. Administrasjonen arbeider vidare med dette til neste møte.<br><br>**Vedtak:**<br>Det vart ikkje tid til å handsama dei nye SWOT-forslaga. Saka vert å koma attende til i neste møte saman med tabellar med vekting av eigedomsmodellane. |
| **10/18** | **Neste møte**<br><br>Neste møte er planlagt torsdag 15. februar. |

Skjenet 2, 29.01.2018

Jarle Kåre Oen
Prosjektmedarbeidar
Nye Øygarden kommune



Nye Øygarden kommune

# Utval for Eigarskapstruktur

Løypemelding til Fellesnemnda

Atle Dåvøy, leiar





# Løypemelding til Fellesnemnd 22.01.2018

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Mandatet frå Fellesnemnda framhevar følgjande:

- **slank, effektiv, funksjonell** eigarskap og selskapsstruktur som mogeleg.
- **sameina, framtidsretta og tenlege** organisasjonsmodellar for eigarskap og interesserepresentasjon.
- gje **gode** og **effektive** selskap og driftsorganisasjonar

Ein skal samstundes utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera:

- økonomisk berekraftige
- føreseielege
- gje tenestetilbod av høg kvalitet

Fellesnemnda bedt utvalet arbeida for ein eigarstruktur der ein har:

- færrast mogleg einingar
- best moglegheit for demokratisk styring.



# Løypemelding til Fellesnemnd 22.01.2018

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

## Utvalet sitt arbeid:

- 4 møte, første møte 9. nov.
- prosess bygd på arbeidsdokument som ender opp i den endelege rapporten
- gode diskusjoner og engasjement
- SWOT analyser
- ser for oss å levere rapport innan tidsfristen



# Løypemelding til Fellesnemnda 22.01.2018

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

**Større tema som er omhandla:**

- VAR området
- Eigedom og bustad forvaltning

Eindel spørsmål av juridisk art dukka raskt opp

**Problemstillingar utvalet ville ha svar på:**

- Juridiske utfordringar knytt til samanslåing av Fjell-VAR og Sund VA
- Forslag til framgangsmåtar for å få dette til, ulike alternativ
- Kva moglegheiter og framgangsmåte er det for å avvikla (omdanna) / leggja ned ei stifting? Eksisterer det døme på dette?

Engasjerte **Deloitte** for å få avklaringar



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

# Løypemelding til Fellesnemnda 22.01.2018

## Tilbakemeldingar fra Deloitte

- Juridiske utfordringar knytt til samanslåing av Fjell-VAR og Sund VA.
  - Fleire og løysbare!
- Forslag framgangsmåtar for å få dette til, ulike alternativ
  - Fusjon/likvidasjon
- Kva moglegheiter og framgangsmåte er det for avvikla (omdanna) / leggja ned ei stifting? Eksisterer det døme på dette?
  - Små og få!




# Løypemelding til Fellesnemnda 22.01.2018

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Større tema som er omhandla:

- VAR området og organisering
  - Nytt AS: Øyvar
  - Føreslår å inkludere ansvar for kommunal vegutbygging i same selskap
- Eigedom og bustad forvaltning
  - Fjell bustadstifting
  - Øygarden Eigedomsforvaltning AS




# Løypemelding til Fellesnemnda 22.01.2018

Andre tema:

- Næringsforvaltning og utvikling
  - (skal handsamast i neste møte 25.01)
- Ellers god framdrift på samanslåingar, forslag til avviklingar og kva som bør fortsetje meir eller mindre som no.
  - Slik det ser ut no så set ein att med ca 1/3 av den strukturen ein tilsaman hadde når ein starta arbeidet.



# Løypemelding til Fellesnemnd 22.01.2018

NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Innspel frå FN:

- Bustadstifting, muligheit for omdanning, skal me ta det vidare og i kva tempo?
- Næringforvaltning, me skal vera eit fyrtårn, korleis på best måte sikra lys i tårnet!
- Andre innspel/spørsmål/kommentarar?



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

# Takk for meg!

Samleskjema- SWOT-analyser

| TYPE SELSKAP | Styrker | Moglegheiter | Svakheiter | Trugslar |
|---|---|---|---|---|
| Felles VAR-selskap<br>100 % eigd av nye Øygarden kommune | • Kontroll på eigne utbyggingar<br>• Ha kontroll på sjølvkostdelen<br>• Enklare å ha fokus på nye reglar<br>• Profesjonalisering<br>• Oversot<br>• Innbyggarane har større oversikt<br>• Kan konkurrera i ein fri marknad | • Konkurrera i ein marknad<br>• Meir sjølvstyrt på personell/kompetanse<br>• Oppta lån utan å belasta kommunen<br>• Unnateke offentleg innkjøpslovgjeving<br>• Større gjennomføringskraft | • Kan ikkje ta utbytte til andre område for kommunal drift<br>• Underlagt aksjeloven<br>• Ikkje direkte styring<br>• Redusert innsyn<br>• Uklart innbyggjar grensesnitt | • Fare for å mista styring<br>• Manglande kompetanse hos styret (vert følgd opp ii eigerskapsmeldingar ) |
| VAR- området som eit kommunalt føretak KF | • Direkte styring frå kommunestyret<br>• Høve til utviding av oppgåver<br>Eigarskap frå kommunestyret | • Realitetsbehandling av budsjett og årsmelding | • Kommunen heftar for foretaket sines forpliktingar<br>• Byråkratisk i høve til AS<br>• Kan overstyra faglege råd (politikar styrt)<br>• Mindre forpliktande<br>• Kommunen heftar for lån | • Bind lånevolum til kommunen i høvet til AS<br>• Styret sin autonomi |

| TYPE SELSKAP | Styrker | Moglegheiter | Svakheiter | Trugslar |
|---|---|---|---|---|
| VAR-området som AS-deleigarselskap | • Stordriftsfordeler<br>• Kontroll på eigne utbygginger<br>• Enklere å ha fokus på nye regler<br>• Profesjonalisering<br>• Innbyggerne har større oversikt<br>• Kan konkurrere i et fritt marked<br>• Stor og brei kompetanse | • Konkurrera i ein marknad<br>• Meir sjølvstyrt på personell/kompetanse<br>• Oppta lån uta å belasta kommunen<br>• Unnateke offentleg innkjøpslovgjeving<br>• Større gjennomførings-kraft<br>• Moglegheit for utbytte | • Kan ikkje ta utbytte til andre område for kommunal drift<br>• Underlagt aksjeloven<br>• Ikkje direkte styring<br>• Redusert innsyn<br>• Uklart innbyggjar grensesnitt<br>• Mindre kontroll på sjølvkostområdet | • Fare for å mista styring<br>• Manglande kompetanse hos styret (følges opp i eigarskapsmeldinga)<br>• Auka sjølvkost |
| Eigedomsforvalt-ning i eit selskap Selskapsform: KF | • Direkte kommunal styring og kontroll<br>• Høg kommunal kontroll<br>• Evt overskot kan overførast til kommunal drift<br>• Gjev høve til å politisk «intervensjon» i einskildsaker<br>• God forankring på strategiar og avgjerder | • Indirekte styring gjennom mål og resultat<br>• Kan gje god balanse mellom politisk styring og fridom til foretaksleiing<br>• Tilstrekkeleg handlefridom til dagleg leiing til å utvikla verksemda | • Byråkratisk<br>• Lite fleksibel<br>• Låg kompetanse på styrande organ<br>• Kommunen svarar for låneopptak<br>• Bind kommunal kapital<br>• Avhengig av styret si rolle som bindeledd mellom kommunestyret og føretaket<br>  o Kontrollør<br>  o Talerør<br>• God funksjon avhengig av «god kultur» for KF modell | • Trege avgjerder pga demokratiske og byråkratiske prosesser som skal følgjast<br>• Høg grad av detaljstyring<br>• Detaljavgjerder ikkje basert på fag-kompetanse<br>• Passivisering av dei folkevalgte, overlet alt til styret<br>• Overstyring – politikken går inn i små og store saker |

| TYPE SELSKAP | Styrker | Moglegheiter | Svakheiter | Trugslar |
|---|---|---|---|---|
| Eiendomsforvalt-ning i eit selskap Selskapsform: AS | • Bind ikkje kommunen sin kapital<br>• Kan konkurrera i fri marknad<br>• Sjølvstyrt, fri frå kommunal konkurranse-utsetting<br>• Attraktivt, tilegnar seg kompetanse<br>• Betydeleg grad av fridom til sjølvstyre<br>• Lågare politisk detaljstyring<br>• Effektivt styre | • Høg og mangfaldig kompetanse<br>• Bærekraftig<br>• Auka innsikt i selskapet si verksemd<br>• Auka politisk overordna og strategisk rolle<br>• Profesjonalisering av drift og operative avgjerder<br>• Politisk kontroll på kravspesifikasjonar | • Kan ikkje ta utbytte til anna del av den kommunale verksemda<br>• Underlagt aksjelova<br>• Endra moglegheit for demokratisk kontroll - lågare grad av direkte politisk kontroll | • Moderat grad av kommunal styring<br>• Manglande grad av kompetanse i styret<br>• Kan bli stort og komplekst<br>• Dyre tenester/produkt<br>• Politikarane er ikkje direkte ansvarlege<br>• Politikarane kan kome for langt frå avgjerdene<br>• Redusert innsyn<br>• AS begynner å leva sitt eige liv |